



Møteprotokoll for Kommunestyret

Møtedato: 14.05.2014

Møtestad: Kommunestyresalen

Møtetid: 17:00 - 21:50

Møtet vart styrt av ordførar Nils Marton Aadland.

Medlemmene var innkalla i skriv d. 06.05.14, og møtet vart kunngjort i pressa 09.04.14.

I starten av møtet orienterte styreleiar i Nordhordlandspakken AS, Pål Kårbo og konsulent Helge Hopen om status for Nordhordlandspakken AS.

Kommunestyret hadde pause frå kl. 18:30 - 18:35.

Det vart halde gruppemøte frå kl. 19:30 - 19:35.

Astrid Anne Fjeldstad fekk permisjon kl. 21:25.

Av 27 medlemmer var 27 til stades ved handsaming av sak 27 - 32.

Av 27 medlemmer var 26 til stades ved handsaming av sak 33.

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Anne Grete Eide	AP	Medlem
Asbjørn Larsen	AP	Medlem
Astrid Anne Fjeldstad	SP	Medlem
Atle Håtuft	FrP	Medlem
Elna H Bjørndal	H	Medlem
Erling Rønnestad	KRF	Medlem
Ida Cecilie Alvær	FrP	Varamedlem
Jorunn Signe Brakstad	H	Medlem
Kåre Skibenes	KRF	Medlem
Lars L Barstad	V	Varaordførar
Leif Johnsen	MDG	Medlem
Mabel Johansen	H	Medlem
Magne Rifsgård	SP	Varamedlem
Marit Samnøy Jøssang	KRF	Medlem
Morten Sakstad	SAM	Medlem
Nils Marton Aadland	H	Ordførar

Per Kristian Holmetun	SP	Medlem
Ragnar Bratland	H	Medlem
Rolf Hansen	AP	Medlem
Sigmund Larsen	FrP	Medlem
Silje Ingelin Sæterstøl	V	Medlem
Sølvi Norunn Knudsen	SP	Medlem
Tormod Skurtveit	AP	Medlem
Ture Andersen	FrP	Varamedlem
Øystein Berland Blom	H	Medlem
Øyvind Oddekalv	AP	Medlem
Åshild Aamli	SAM	Medlem

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti
Henriette Fennelly	FrP
Ørjan Kristiansen	FrP

Desse møtte frå administrasjonen:

Rådmann Ingvild Hjelmtveit, personal- og organisasjonssjef Kari Anne Iversen, helsesjef Tord Moltumyr, rådgjevar pleie og omsorg Helge Kvam, sektorsjef Anny Bastesen, kommuneplanleggar Kristin Nåmdal og økonomisjef Per Inge Olsen.

Sakliste

Saknr	Tittel
27/2014	Godkjenning av innkalling og sakliste
28/2014	Godkjenning av møtebok
29/2014	Referatsaker
30/2014	Rekneskap og årsmelding 2013
31/2014	Sluttrapport investeringsprosjekt nr 629 Vassleidning Fløksand - Vikebø
32/2014	Klimaplan for Hordaland- Høyningsutkast
33/2014	Kommuneplan, samfunnsdel 2013-2025 og planstrategi for Meland kommune - 2.gongs handsaming.

27/2014: Godkjenning av innkalling og sakliste

Behandling:

Lars Barstad bad om at kommunestyret tar opp spørsmål om habilitet før sak om kommuneplan vert handsama. Ønskjer generell debatt om habilitet.

Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

28/2014: Godkjenning av møtebok

Behandling:

Vedtak:

Møtebok frå møte 09.04.14 vert godkjent.

29/2014: Referatsaker

Behandling:

Vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering.

30/2014: Rekneskap og årsmelding 2013

Behandling:

Økonomisjef Per Inge Olsen orienterte. Kommunerevisor Reidar Bjørsvik svarte på spørsmål.

Framlegg til vedtak frå Ida Cecilie Alvær:

Utsette saken til etter møtet med barnehagene og ser på konsekvensene av det.

Avrøysting:

Utsetjingsframlegget fekk 21 røyster for, (AP, SP, FrP, KrF, V. SAM, MDG), 6 røyster mot, (H), og er såleis vedteke.

Vedtak:

Utsette saken til etter møtet med barnehagene og ser på konsekvensene av det.

31/2014: Sluttrapport investeringsprosjekt nr 629 Vassleidning Fløksand - Vikebø

Behandling:

Framlegg til tilleggspunkt Meland FrP v/Sigmund Larsen:

Kommunestyret pålegg administrasjonen å endra rutiner ved prosjektoverskridelse. Prosjektoverskridelse skal ikkje være ein del av rammebudsjettering for investeringsutgifter og finansiering av investeringa.

Prosjektoverskridelser skal fremmes som ei eige sak og godkjennast før det eventuelt kan inngå i ei rammebudsjettering for investeringsutgifter.

Avrøysting:

Framleggget frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Framlegg til tilleggspunkt frå Sigmund Larsen vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kommunestyret tar sluttrekneskapen for prosjekt 629 – Fløksand – Vikebø til orientering. Denne viser ein kostnad på i alt kr 19,2 mill, mot justert kostnadsramme på kr 12,45 mill gjev eit meirforbruk på kr 6,7 mill.

Kommunestyret er kritisk til det store meirforbruket, jf. K-sak 19/2014.

Kommunestyret pålegg administrasjonen å endra rutiner ved prosjektoverskridelse. Prosjektoverskridelse skal ikkje være ein del av rammebudsjettering for investeringsutgifter og finansiering av investeringa.

Prosjektoverskridelser skal fremmes som ei eige sak og godkjennast før det eventuelt kan inngå i ei rammebudsjettering for investeringsutgifter.

32/2014: Klimaplan for Hordaland- Høyringsutkast

Behandling:

Vedtak:

Meland kommune har følgjande uttale til framleggget til revidert Klimaplan for Hordaland 2014-2013: Satsingsområda klimagassutslepp, reduksjon av energibruk og tilpassing til klimaendringar er gode overordna mål som også Meland kommune arbeider etter og slutter seg til. Planen peiker på auka satsing på kollektivtransport og utbygging av gang og sykkelvegnett. Meland vil understreke kor sentralt dette punktet er. Dersom ein skal nå målet om å få ned biltrafikk, samstundes som folketaket aukar må det vere ei omfattande satsing på gang og sykkelvegar, særleg på det regionale vegnettet. Vidare må ein for å nå målet med å redusere biltrafikk skape eit godt kollektivtilbod med

direktebusser og hurtigbåt. Under punktet om kollektivtransport, er det skrive at det er dei mest trafikkerte områda i Bergensområde som treng auka kapasitet. Her vil Meland kommune peike på at auka kollektivsatsing også i dei bynære kommunane, vil gje ein klimagevinst. Det er positivt at det skal satsast på elbil-ladestasjonar i heile fylket. Nytt pkt. 5.15 e) Idretts- og kulturanlegg. I tillegg til å satsa på hovudvegane, bør utbygging skje også der det ikkje er god kollektivdekning. Her bør fylkeskommunen vera aktiv pådrivar i utbygginga m.a. ved å bidra økonomisk. Når det gjeld strategien «klimavenlege bygg» er det positivt at Fylkeskommunen ynskjer å satse på dette område. Her er det viktig å arbeide for å inngå eit forpliktande samarbeid med offentlege og private aktørar i bransjen.

33/2014: Kommuneplan, samfunnsdel 2013-2025 og planstrategi for Meland kommune - 2.gongs handsaming.

Behandling:

Før handsaming av sak Kommuneplan vart det røysta over habiliteten til følgjande kommunestyremedlemmer:

Nils Marton Aadland, Ragnar Bratland, Anne Grete Eide, Tormod Skurtveit, Asbjørn Larsen, Per Kristian Holmetun, Magne Rifsgård, Sigmund Larsen, Atle Håuft og Lars Barstad.

Nils Marton Aadland, Ragnar Bratland, Anne Grete Eide, Tormod Skurtveit, Asbjørn Larsen, Per Kristian Holmetun, Magne Rifsgård, Sigmund Larsen, Atle Håuft og Lars Barstad gjekk frå som ugild ved handsaming av sak om habilitet.

Følgjande tok sete ved handsaming av spørsmål kring habilitet i kommuneplansaka:

Tore Eugen Hansen, Per Sæthre, Grethe Wenche Søiland Sæthre, Øystein Vikebø, John Villy Sandvik, Tore Brakstad og Nina Olsvoll.

Kåre Skibenes vart vald som setjevaraordførar.

Framlegg til vedtak frå Meland AP v/Øyvind Oddekalv:

Nils Marton Aadland, Ragnar Bratland, Anne Grete Eide, Tormod Skurtveit, Asbjørn Larsen, Per Kristian Holmetun, Magne Rifsgård, Sigmund Larsen, Atle Håuft og Lars Barstad er habile i sak 33/14.

Dette framlegget vart samrøystes vedteke.

Nils Marton Aadland, Ragnar Bratland, Anne Grete Eide, Tormod Skurtveit, Asbjørn Larsen, Per Kristian Holmetun, Magne Rifsgård, Sigmund Larsen, Atle Håtuft og Lars Barstad er habile i sak 33/14.

Nils Marton Aadland, Ragnar Bratland, Anne Grete Eide, Tormod Skurtveit, Asbjørn Larsen, Per Kristian Holmetun, Magne Rifsgård, Sigmund Larsen, Atle Håtuft og Lars Barstad tok sete ved handsaming av sak 033 - Kommuneplan.

Framlegg til vedtak frå KrF v/Kåre Skibenes:

Side 45 - Kva gjer vi

Sikre god tilgang på fysioterapiteneste/rehabilitering.

Sikre god kapasitet ved helsestasjonsverksemda.

Styrke skulehelstenesta i staden for kvalitetssikre.

Framlegg til endring frå Sølvi Knudsen, SP:

Punkt Økonomi:

Utgår: Avsnitt - Det er eit overordna..... Fram til avsnitt: Meland kommune har.....

Framlegg til tilleggspunkt side 25 frå Mabel Johansen:

I store nye boligfelt/boområdet bør det etableres felleshus som en del av infrastrukturen.

Framlegg til tilleggspunkt frå Leif Johnsen, MDG:

Ein miljøvernplan for Meland må utarbeidast og koma inn i "oversikten over framlegg til prioriterte planoppgåver" i strategiplanen pkt. 4 side 3.

Framlegg til vedtak frå SP v/Per Kristian Holmetun:

Legge inn beskrivende bildetekst og fotografens navn ved kvart bilde.

Avrøyting:

Framlegget frå Kåre Skibenes vart samrøystes vedteke.

Framlegget frå Sølvi Knudsen fekk 18 røyster for, (5H, 5 AP, 3 SP, 2 SAM, 1 MDG, 2 KrF), 8 røyster mot, (1 H, 1 KrF, 4 FrP, 2 V), og er såleis vedteke.

Framlegget frå Mabel Johansen fekk 9 røyster for, (6 H, 3 SP), 17 røyster mot, (5 AP, 4 FrP, 3 KrF, 2 V, 2 SAM, 1 MDG), og fall.

Framlegget frå Per Kristian Holmetun vart samrøystes vedteke.

Framlegget frå Leif Johnsen fekk 25 røyster for (H, AP, SP, 3 FrP, KrF, V, SAM, MDG), 1 røyst mot, (FrP), og er såleis vedteke.

Framlegget frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kommunestyret godkjenner kommuneplanen for Meland 2013- 2015, samfunnsdelen med planstrategi og medfølgjande endringar:

Tittel på den regionale næringsplanen vert endra til interkommunal plan I planstrategien. Tabellen som syner bustadareal side 15 får sett inn ein tydlegare undertittel.

Punktet på side 26 under Naturog kulturmiljø vertendra til «Det må utarbeidast ein plan på universell utforming» ... Ikke tilrettelegging som det står i dag.

Side 45 - Kva gjer vi
Sikre god tilgang på fysioterapiteneste/rehabilitering.

Sikre god kapasitet ved helsestasjonssverksemda.

Styrke skulehelstenesta i staden for kvalitetssikre.

Punkt Økonomi:

Utgår: Avsnitt - Det er eit overordna..... Fram til avsnitt: Meland kommune har.....

Ein miljøvernplan for Meland må utarbeidast og koma inn i "oversikten over framlegg til prioriterte planoppgåver" i strategiplanen pkt. 4 side 3.

Legge inn beskrivende bildetekst og fotografens navn ved kvart bilde.
